



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Plan- og samfunnsavdelinga

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 09/2807-36

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

7416/13

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 28.02.2013

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
pb. 5091 MAJORSTUA
0301 OSLO

Høyringsuttale til nytt sekundært utbyggingsalternativ for Breim kraftverk i Storelva i Gloppen kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 27.02.2013 som sak 17/13 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til utbygging av Breim Kraft etter alternativ C. Fordelane med tiltaket overstig ulempene for allmenne og private interesser.

Eit vilkår for løyvet er at tiltak som sikrar vasskvaliteten i elva, både på utbygd elvestrekning og nedanfor utløpet, vert gjennomført. NVE må vurdere dei to fagrapportane om fiske opp mot kvarandre og fastsetje ei minstevassføring.

Det planlagde massedeponiet må ha klar avgrensing mot elv, og kanalisering av avløp må skje slik fylkesrådmannen skisserer for å unngå inngrep i sjøve elveløpet.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør.

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Kopi av brevet med saksutgreiing vert sendt elektronisk til NVE.

Mottakar (ar)

Norges Vassdrags- og energidirektorat pb. 5091 MAJORSTUA 0301 OSLO

Kopi til:



Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Høyringsuttale til nytt, sekundært utbyggingsalternativ for Breim kraftverk i Storelva i Gloppen kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at det vert gitt løyve til utbygging i tråd med alt. C1 og C2. Fordelane ved tiltaket overstig ikkje ulempene for allmenne og private interesser.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 17.10.2012.
2. Uttale frå Gloppen kommune, kommunestyret 17.12.2012, sak101/12.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Breim Kraft AS. Tilleggsutgreiing/vurdering for Breim kraftverk. September 2012.
2. Brev til NVE 09.12.2012 frå Gloppen JFL og Norges Jeger- og Fiskeforbund, Sogn og Fj.
3. Brev til NVE 10.12.2012 frå Sogn og Fjordane Turlag.
4. Brev til NVE 25.01.2013 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått oversendt til uttale ei tilleggsutgreiing frå Breim Kraft AS med eit nytt utbyggingsalternativ (alt.C) og vurderingar knytt til vasskvalitet m.m. Alt. C er basert på inntak ved Høylo som i tidlegare alternativ, vassveg i tunnel nord for elva, kraftverk i fjell og avløp til elva ved Breimshallen. Årleg produksjon for det nye alternativet er berekna til 87 GWh eller 90 GWh, avhengig av kor mykje vatn som vert slept som minstevassføring (C1 med 6 m³/sek og C2 med 4 m³/sek om sommaren). Alt. A med tunnel til Seimestranda er framleis søkjaren sitt hovudalternativ, medan det nye alt. C2 er omsøkt som eit sekundært alternativ. For alt. A er det berekna ein årleg produksjon på 98 GWh med minstevassføring sommar/vinter på 6 og 1 m³/sek.

Gloppen kommune meiner at tilleggsutgreiinga ikkje svarer fullt ut på kommunen sine spørsmål til alt. A i uttalen frå november 2011 og går imot at det blir gitt konsesjon til utbygging etter dette alternativet. Kommunen meiner at det kan bli gitt konsesjon til utbygging etter alt. C, sjølv om skissert massdeponi ikkje er godt nok visualisert. Det må setjast vilkår som sikrar vasskvaliteten i elva, både på utbygd elvestrekning og nedanfor utløpet. NVE må vurdere fagrapportane om fisk i elva opp mot kvarandre og fastsetje ei minstevassføring som sikrar minst mogeleg skade på livet i elva.

Gloppen JFL og NJFF Sogn og Fjordane vil gå imot utbygging dersom minstevassføringa om sumaren blir mindre enn ein tredjedel av gjennomsnittleg sumarvassføring og om vinteren mindre enn 2 m³/sek. Som kompensasjon for sterkt redusert vassføring må det byggjast tersklar med gyte- og skjuleplassar. Desse må utformast slik at dei ikkje vert vaska ut ved flaumstor elv.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at alt. C er eit stort steg nærare det som er akseptabelt – under føresetnad av at minstevassføringa vert auka til 5-persentil sommar og vinter. Fisk må kunne passere terskelen ved inntaket. Turlaget er kritisk til kanalisering i elva og usikker på tilhøve for

fisk ved utløpet frå kraftstasjonen. Elva er ei viktig padleelv og om elva etter utbygging ikkje lenger kan brukast som padleelv, vil dette vere med på å redusere verdien også for andre padleelvar i området. Elvepadling må vere muleg forbi terskelen ved inntaket. Vurdering av alle sumverknadar må gjerast no.

Fylkesmannen vurderer at alt. C i noko grad imøtekjem innvendingar som Fylkesmannen hadde til hovudalternativet (A). Det nye alternativet vil likevel i stor grad råke allmenne interesser. Ut frå dei opplysningane som ligg føre, bør det ikkje bli gitt løyve til dette alternativet. Det er uklart om og i kva grad tiltaket kan påverke nasjonale verdier innan naturmiljø og biologisk mangfald som eskeren ved Fløtre og storaurebestanden i Breimsvatnet. Konsekvensane for vasskvaliteten er førebels uavklarte for begge dei to alternativa.

Fylkesrådmannen meiner at ved utbygging i tråd med alt. C1 og særleg i tråd med C2 med mindre minstevassføring om sommaren, vil fordelane ved tiltaket ikkje overstige ulempene for allmenne og private interesser. Tiltaket bør difor ikkje gjennomførast.

Fylkesrådmannen har særleg lagt vekt på slike negative og uavklara forhold ved tiltaket:

- Markert redusert vassføring i elva mellom inntak og utløp med konsekvensar for landskap/kulturlandskap, friluftsliv inkl. elvepadling, fisk og fiske.
- Planlagt minstevassføring om sommaren (6 m³/sek for C1 og 4 m³/sek for C 2) er for lite.
- Vasskvaliteten i elva er uavklara for både alt. A og alt. C, og det bør førebels ikkje settast i verk nye tiltak som kan forverre tilhøva.
- Ein veit førebels ikkje nok om kva effekt utbygginga vil ha på storaurebestanden i Breimsvatnet. Føre-var-prinsippet bør då leggjast til grunn. Jf. også Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging.

2. Bakgrunn

Fylkeskommunen handterte 14.12.2011, sak 145/11, søknad om kraftutbygging i Storleiva. Tiltaket det vart søkt om, var basert på utnytting av fallet mellom Høylo (kote 125) og Breimsvatnet (ca. kote 61) til kraftproduksjon. Det vart søkt primært om ei løysing (alt. A1) der driftsvatn frå inntaket vert ført i tunnel til ein planlagt kraftstasjon i fjell ved Seimestranda, 1,3 km sør for elva sitt utløp i Breimsvatnet. Variant A2 med kraftstasjon i dagen vart omsøkt som eit sekundært alternativ. Både A1 og A2 vil utnytte et fall på ca. 64 meter, og vil gje ein årlig produksjon på ca. 98 GWh. Det er lagt til grunn at det skal sleppast ei minstevassføring på 6 m³/sek om sommaren og 1 m³/sek om vinteren og det er aktuelt å bygge tersklar i elva frå Råd og nedover. Utbyggingskostnaden er berekna til 336 millionar kroner. Det var også vurdert eit alt. B med kraftstasjon i dagen nedanfor Seime bru, og vidare eit alt. C som den gangen omfatta ulike løysingar med rørgate langs Storelva. Alt. B og C vart ikkje omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige årsaker.

Fylkesutvalet uttale seg slik i sak 145/11:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at det vert gitt løyve for kraftutbygging i Breimselva/Storelva etter omsøkt alternativ, av di ulempene for allmenne og private interesser vil bli større enn fordelane ved ei utbygging.
- 2 Eit utbyggingsalternativ med vurdering av konsekvensar der driftsvatnet vert slept ut i elva i området kring Seime bru, kan gje ein annleis konklusjon.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har utarbeidd regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Fylkestinget vedtok planen i desember 2012. I planen er med i ei liste over 31 fossar/stryk som er/har vore viktige landskapselement i delområdet Gloppen og Stryn. Breimselva er ikkje med i fosselista. I

planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Breimsvatnet er markert som fjordlandskap saman med eit 10-tals andre store vatn. I planen er det retningslinjer for korleis arealinteresser skal handterast i høve til vasskraftutbygging. Det er ikkje knytt retningslinjer til fjordlandskap åleine. I planen er Breimsvatnet markert som Storaurevatn. Under tema "Fisk og fiske" er det sett slik retningslinje: Gyte – og oppvekstområde for innlandsfisk skal ha 3. prioritet. Om arealinteresser med 3. prioritet er det sagt dette i planen:


Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje forringe den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Viss tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

3. Tiltaksområdet og det planlagde tiltaket

Det nye utbyggingsalternativet (C) går ut på å bygge inntak ved Høylo ca. 4 km frå Breimsvatnet, vassveg i tunnel nord for elva, kraftverk i fjell og avløp til elva nedanfor Breimshallen, ca. 1 km frå vatnet. Brutto fall blir 55,5 meter mellom kote 125 ved Høylo og kote 69,5 ved Breimshallen.




Flyfoto som viser alt. A og B (blå stipla strek) sør for elva og alt. C (svakare blå stipla strek) nord for elva. Raude firkantar er markering av tre alternativ for kraftstasjon.

Inntaket skal byggast likt med det som er foreslått i alt. A og B ved Høylo, men med vassvegen i tunnel mot nord under elva. Inntaksarrangementet vert ein 70 meter brei og 1-1.5 meter høg lausmasse/natursteinsterskel i elveløpet knytt til ein 120 meter lang inntakskanal på sørsida av elva. Tunnelen vil bli ca. 3150 meter lang ned til kraftstasjonen og er planlagt med eit tverr-

snitt på 40 m³. Kraftstasjonen er planlagt i fjell like aust for Reed transformatorstasjon. Det skal byggast avløpstunnel under E39. Overdekking opp til vegen vil bli 15-20 meter. Avløpstunnelen skal gå over i ein kanal mot elva ca. 100 meter vest for Breimshallen. Det er lagt opp til å kanalisere ei strekning på ca. 150 i elva for å senke undervassstanden til kraftverket inntil 1,5 meter. Dette betyr at ein må grave og steinsette i elva for å forme kanalen. Søkjaren vil legge til rette for oppvandring og nedvandring av fisk i elveløpet ved sida av kanalen.

Transformator og koblingsanlegg skal byggast i dagen ved sida av Reed trafostasjon. Det skal borast sjakt for kablar ned til kraftstasjonen



Breimshallen med blå farge. E39 med grå farge. Reed trafo øvst, midt på kartet. Kraftstasjon i fjell rett aust for trafoen. Tilkomsttunnel frå E39, start på kote 85 og går ned til kote 69,5. Utløpstunnel under E39 og kanal til elva og vidare nedover i sjølve elveløpet.

Hovuddata for tiltaket, alt. C1(minstevassføring 6 m³/sek.) og alt. C2 (4m³/sek), om summaren

Data knytt til nedbørsfeltet		
Nedbørsfelt (km ²)	353,1	
Middelvassføring ved inntaket (m ³ /s)	27,3	
Alminneleg lågvassføring ved inntaket (m ³ /s)	2,58	
Fem-persentil * sommar og vinter (m ³ /s)	11,9/2,1	
Kraftverksdata	C1	C2
Inntak på kote	125	
Kote undervatn	69,5	
Brutto fallhøgde (m)	55,5	
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	60	
Slukeevne, min. (m ³ /s)	2,0	
Vassveg i tunnel, lengde (km)	3,15	
Installert effekt, maks. (MW)	28	
Bruktid (timar)	3120	3210
Minstevassføring		
Minstevassføring ved inntaket, sommar/vinter (m ³ /sek)	6,0/1,0	4,0/1,0
Produksjon og økonomi		
Produksjon, årleg middel (GWh)	87,4	90,0
Utbyggingskostnad (mill.kr)	301	301
Utbyggingspris (kr/kWh)	3,44	3,34

*Den vassføringa som blir underskriden 5% av tida.

Om lag 270 000 m³ tunnelmasse vil bli teken ut frå tunnelarbeidet, samanlikna med 350 000 m³ under alt. A. Ca. 200 000 m³ av dette vert vurdert brukt til heving av ca. 40 dekar jordbruksareal vest for Breimshallen. Det er aktuelt å bygge ein mur langs elva som avgrensing. Muren kan ev. byggast eit stykke frå elvekanten slik at kantevegetasjon kan bevarast. Ca. 70 000 m³ av steinmassen er tenkt lagt ut for sal.

4. Vurdering av konsekvensar, klipp frå tilleggsutgreiinga

Det er sagt m.a. dette om miljøkonsekvensar, avsnitt 7:

Alternativ C vil medføre at vannføringen i nedre del av Storelva opprettholdes, og alternativet vil således ikke berøre utløpsosen eller fiskemulighetene i nedre del av Storelva. Konsekvensene for friluftsliv, kulturmiljø, landskap og naturmiljø langs nedre del av Storelva reduseres derfor noe i forhold til hovedalternativet. Den positive virkningen vil være størst for fritidsfisket nedenfor Seimebrua og ved osen, som iht. konsekvensutredningen er en av de interessene som blir sterkest berørt av hovedalternativet. Alternativ C vil for øvrig ha samme konsekvensgrad som hovedalternativet når det gjelder elvepadling (dette vil kun være mulig når nedbør eller snøsmelting bidrar til overløp over dammen).

Alternativ C vil heller ikke berøre Seimestranden, noe som vurderes som positivt i forhold til landskap og naturmiljø.

Alternativ C medfører imidlertid en større støybelastning nær bebyggelsen på Reed i anleggsfasen. Det er primært i forbindelse med tipping av tunnelmasser på det angitte arealet at man kan risikere å overskride angitte grenseverdier for støyfølsom bebyggelse. Det vil derfor være nødvendig med oppfølgende undersøkelser, og ev. støymålinger, i anleggsfasen, og ev. avgrense anleggsaktiviteten til dag-/kveldstid på hverdager.

Det er sagt m.a. dette om vasskvalitet, side 11:

Mulige konsekvenser og avbøtende tiltak

Ved en eventuell utbygging iht. alternativ A vil 84 % av vannet i Storelva gå gjennom kraftverket. 12 % vil gå i overløp eller som minstevannføring, mens de resterende 2 % stammer

fra restfeltet nedstrøms inntaket. Breim Kraft ser at en fraføring av en stor del av vannføringen på strekningen mellom planlagt inntak og utløp (enten Breimsvatnet eller Breimshallen) vil redusere resipientkapasiteten på den aktuelle strekningen i forhold til dagens situasjon. Dette vil gjøre elven mer utsatt i forhold til lokale tilførsler fra jordbruksarealer, etc. Vi har derfor sett på aktuelle tiltak som kan gjennomføres for å bedre situasjonen, slik at Storelva blir i bedre stand til å takle lokale tilførsler av bl.a. fosfor og nitrogen ved planlagt restvannføring. Disse tiltakene er kort skissert under:

Nedleggelse av komposteringsanlegget

Den sannsynlegvis største punktkilden mellom planlagt inntak og Breimsvatnet, komposteringsanlegget ved Fløtre (se beliggenhet på bildet på neste side), vil gå ut av drift den 01.10.2013 som følge av at avtalen med Gloppen kommune er oppsagt. Dette vil med stor sannsynlighet bedre situasjonen i nedre del av Storelva en god del.

Byrkjelo renseanlegg

Byrkjelo renseanlegg har utløp til Storelva ca. 1 km ovenfor planlagt inntak. Renseanlegget har utslippstillatelse for en samlet mengde avløpsvann på 7800 personenheter (pe). Utløpet fra renseanlegget ligger ca. 1 km øst for planlagt inntak ved Høylo. Høydeforskjellen er i følge FKB ca. 5 m, det er med andre ord et jevnt fall ned mot det planlagte inntaket til Breim kraftverk. Breim Kraft foreslår derfor at avløpet fra renseanlegget føres gjennom et nedgravd rør ned til inntaket og videre inn på tunnelen til Breim kraftverk. Da vil den berørte strekningen i Storelva bli vesentlig bedre rustet til å ta mot lokale tilførsler fra jordbruksarealet langs elva. Kostnaden ved tiltaket er grovt estimert til ca. 1,0 mill. kroner. Dette er et svært kostnadseffektivt tiltak sammenlignet med alternativet, som er en høyere minstevannføring.

Tiltak innen landbruket

I tillegg vil det kunne være andre aktuelle, avbøtende tiltak som kan gjennomføres langs vassdraget for å redusere tilførslene av fosfor og nitrogen fra landbruket. Det kan være:

- Bedre oppfølging av gjødslingsplaner.
- Etablering av fang-/rensedammer.
- Etablering av en bredere kantsone med skog og undervegetasjon langs elva.
- Omlegging til økologisk drift på deler av jordbruksarealet langs elva.

Grunneierne er innstilte på å gjennomføre nødvendige tiltak for å opprettholde tilstrekkelig god vannkvalitet i elva også etter en eventuell utbygging.




Foto som viser lokalisering av inntaket til kraftverket, utslipp fra Byrkjelo reinseanlegg og komposteringsanlegget. Det er aktuelt å føre utløpet fra reinseanlegget i rør langs elva til kraftverkstunnelen.

Breim Kraft ser for seg en gradvis gjennomføring av disse tiltakene, dersom oppfølgende vannkvalitetsmålinger i driftsfasen viser seg at det er nødvendig med ytterligere avbøtende tiltak. Dersom det blir gitt konsesjon, vil det i forbindelse med miljøoppfølgingsprogrammet (MOP) bli utarbeidet en prioriteringsliste for hvilke tiltak som skal iverksettes når.

Oppfølgende undersøkelser

AsplanViak vil gjennomføre supplerende målinger, analyser og vurderinger knyttet til vannkvalitet i Storelva innen sluttbefaringen avholdes (våren 2013). De beskriver følgende opplegg:

«Supplerende vannprøvetaking må gjennomføres i løpet av høsten 2012 og første del av våren 2013, slik at nødvendig datagrunnlag for konsekvensutredningen foreligger våren 2013. Planen er at grunneierne selv kan ta vannprøvene og levere dem til analyse.

Som grunnlag for å utrede konsekvenser for vannkvaliteten ved ulike minstevannføringer bør det utarbeides både vannkvalitetsbaserte og kildebasert tilførselsregnskap. Vannkvalitetsbasert tilførselsregnskap er beregninger av tilførsler av næringsstoffer ut fra vannkvalitetsdata og vannføringsmålinger. Det kildebaserte tilførselsregnskapet vil være en beregning av tilførslene av næringsstoffer fra de viktigste forurensningskildene som er; kommunalt avløpsanlegg (meieri), private avløpsanlegg, jordbruk, komposteringsanlegg (skal legges ned) og naturlige kilder.

Ut fra ovennevnte grunnlag kan konsekvenser for vannkvaliteten ved ulike minstevannføringer vurderes. Som en del av utredningen vil vi også vurdere effekten på vannkvaliteten, dersom avløpet fra avløpsrenseanlegget overføres direkte til vanninntaket for kraftverket. Dersom utredningen viser at det vil være ytterligere behov for å redusere tilførslene av næringsstoffer til elva, vil vi også gi beskrivelser av hvilke tiltak som bør prioriteres.»

Ev avbøtende tiltak utover det som er foreslått i søknaden.

Etter ei synfaring 29.11.2012 gjennomført etter førespurnad frå Fylkesmannen har konsulenten til utbyggjaren sagt m.a.:

- Dersom ein legg 5-persentilverdiane til grunn for minstevassføringa (høvesvis 11,9 m³/s i sommarhalvåret og 2,13 m³/s i vinterhalvåret), viser eit overslag at den venta produksjonen blir 77,0 GWh, dvs. ein reduksjon på 13,0 GWh i forhold til alternativet med 4,0/1,0 m³/s (C2) i minstevassføring eller ein reduksjon på 10,4 GWh i forhold til alternativet med 6,0/1,0 m³/s (C1).
- Som følge av dette aukar den spesifikke utbyggingsprisen frå 3,34 kr/kWh (C2) til 3,91 kr/kWh. Dette aukar risikoen i prosjektet vesentleg, og medfører truleg krav om titals millionar i eigenkapital. Dette vil truleg medføre at grunneigarane vil måtte inngå samarbeidsavtale med ein ekstern utbyggjar, med det som resultat at om lag 40 % av prosjektverdien tilfell eksterne eigarar.

5. Andre sitt syn på saka

Gloppen kommune, kommunestyret 17.12.2012, sak 101/12:

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Kommunestyret viser til tilleggsutgreiing til konsesjonssøknad, frå september 2012. Alternativ c synest å ha mindre miljømessige konsekvensar enn alternativ A.

Tilleggsutgreiinga svarer ikkje fullt ut på kommunestyret sine spørsmål til alternativ A i uttalen frå november 2011. Gloppen kommunestyre går imot at det blir gitt konsesjon til utbygging av alternativ A.

Gloppen kommunestyre meiner at det kan gjevast konsesjon til utbygging etter alternativ C, sjølv om skissert massedeponi ikkje er godt nok visualisert. Det må setjast vilkår som sikrar vasskvaliteten i elva, både på utbygd elvestrekning og nedanfor utløpet. NVE må vurdere fagrapportane om fisk i elva opp mot kvarandre, og fastsetje ei minstevassføring som sikrar minst mogleg skade på livet i elva.

Gloppen JFL og Norges Jeger- og Fiskeforbund, Sogn og Fjordane seier i sitt brev til NVE 09.12.2012 m.a.:

- Vil gå imot utbygging dersom minstevassføringa om sumaren blir mindre enn ein tredjedel av gjennomsnittleg sumavassføring og om vinteren mindre enn 2 m³/sek.

- Som kompensasjon for sterkt redusert vassføring må det byggjast tersklar med gyte- og skjulplassar. Desse må utformast slik at dei ikkje vert vaska ut ved flaumstor elv.

Sogn og Fjordane Turlag seier i sitt brev til NVE 10.12.2012 m.a.:

- Alternativ C er eit stort steg nærare det som er akseptabelt – under føresetnad av at minstevassføringa vert auka til 5-persentil sommar og vinter.
- Fisk må kunne passere terskelen ved inntaket. Er kritisk til kanalisering i elva og usikker på forholda for fisk ved utløpet frå kraftstasjonen.
- Storelva i Breim er ei viktig padleelv. Om elva skulle bli bygd ut på ein slik måte at den ikkje lenger kan brukast som padleelv, vil dette vere med på å redusere verdien også for andre padleelvar i området (sumverknader). Elvepadling må vere muleg forbi terskelen ved inntaket.
- Vurdering av alle sumverknader må gjerast no ! Det er alt i ferd med å bli for seint !

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, konklusjon i brev 25.01.2013 til NVE.

Fylkesmannen vurderer at alternativ C i nokon grad imøtekjem innvendingar vi hadde til hovudalternativet for Breim kraftverk. Det nye alternativet vil likevel også i stor grad råke allmenne interesser, og ut i frå dei opplysningane som ligg føre bør det heller ikkje gjevast løyve til dette alternativet. Det er uklart om og i kva grad tiltaket kan påverke nasjonale verdier innan naturmiljø og biologisk mangfald som eskeren ved Fløtre og storaurebestanden i Breimsvatnet. Konsekvensane for vasskvaliteten er førebels uavklarte for begge dei to alternativa.

6. Fylkesrådmannen si vurdering – fordeler og ulemper – avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjonen som er på ca. 90 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt/regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til skade og inngrep for landskap, friluftsliv, fisk/fiske og kulturlandskap i samband med byggetiltak som inntaksterskel, inntakskanal, tilkomsttunnel til kraftstasjonen, utløpskanal frå kraftstasjonen, kanal i elva, massedeponi og redusert og mindre variert vassføring i Storelva mellom inntaket ved Høylo og Breimshallen.

Fylkesrådmannen har gjort sine vurderingar ut frå det samla materialet som ligg føre i saka. Fylkeskommunen sine primære ansvarsområde i slike saker er kulturminne, landskap, friluftsliv, vassdirektivet og innlandsfisk, men det kan ev. og gjerast vurderingar i høve verknad tiltaket har som bidrag til lokalt/regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter til det offentlege.

Automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, ikkje gjennomført. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Riksantikvaren har uttalt seg til saka i brev til NVE av 23. september 2011. Riksantikvaren understrekar at redusert vassføring kan ha verknad på kulturmiljøet i Breimsdalen. Det er særleg viktig å ta omsyn til dei automatisk freda kulturminna. Sjølv om vegetasjon i dag utgjer ein barriere mellom kulturminna og elva, kan eit slikt vegetasjonsbelteskifte over tid, og i periodar, gjere kulturminna meir eksponert for ei elv med sterkt redusert vassføring.

Bergens Sjøfartsmuseum har forvaltningsansvar for marine kulturminne i Sogn og Fjordane. På grunn av Breimsvatnet si lange historie som ferdsleåre, er det generelt eit potensiale for kulturminne under vatn i området, til dømes restar av båtar, skip og lausfunn. Søknaden viser tiltak i Breimselva i samband med avløpet frå kraftstasjonen. Konkrete planar for dette tiltaket må

av den grunn føreleggast den som har kulturminnemynde på området, jamfør Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, Bergens Sjøfartsmuseum.

Kulturminne frå nyare tid

Storelva i Breim, er eit godt synleg og viktig element i eit aktivt og godt skjøtta kulturlandskap. Elvar, fossar og stryk utgjer her ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Storelva er godt synleg i store deler av det slakke dalføret, frå utløpet i Breimsvatnet til Byrkjelo. Med redusert vassføring i deler av elva, vil det planlagde tiltaket føre til eit stort inngrep i landskapsbiletet, og i sterk grad kunne påverke dei opplevingsverdiane som er knytt til kulturlandskapet slik vi ser det i dag.

I fall det blir gjeve konsesjon, må det leggjast vekt på avbøtande tiltak i forhold til nyare tids kulturminne og til kulturlandskapet. Det må gjerast justeringar for å unngå å komme i kontakt med nyare tids kulturminne (steingard og utløer mv). Minstevassføringa må aukast for å redusere negativ påverknad på kulturlandskapet og vassdragsrelaterte kulturminne frå nyare tid. Det må byggast tersklar som i kombinasjon med auka minstevassføring gjer at dagens vass-spegel kan oppretthaldast sjølv ved lågare vassføring. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminne og viktige kulturlandskapselement kan takast vare på.

Kanalanlegget som er planlagt frå E39 og ned til elva saman med ein senka avløpskanal i sjølve elva vil bli eit stort inngrep i landskapet og eit framandelement i kulturlandskapet. Med kort avstand til Breimshallen og E39, vil kanalen ligge i eit område der det til tider er stor ferdsel og aktivitet i samband med arrangement. Kryssing av kanalen for gåande, og mogelegheit for ferdsel langs elva, er ikkje vist på kart. Som avbøtande tiltak, både med omsyn til landskapet og trygg ferdsel, bør det vere aktuelt å legge utløpet frå kraftstasjonen i rør/kullvert like fram til elva.

Vest for Breimshallen er det for alt. C vurdert å plassere overskytande tunnelmasse ved først å fjerne matjorda, bygge ein mur langs elva og deretter legge på jorda igjen. Her må ein ta omsyn til kulturlandskapet og landskapselementa langs elva, samtidig som den opphavlege elvebredda vert teken vare på og framleis kan vere tilgjengeleg for aktivitet og opplevingar. Det må leggjast vekt på å få til god tilpassing til kulturlandskapet rundt deponiet og det må takast omsyn til eventuelle kulturminne på staden. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Som avbøtande tiltak vil vi tilrå at støttemuren for deponiet vert trekt lengst mogeleg bort frå elvekanten og utforma slik at den ikkje verkar skjemmande for kulturlandskapet.

Landskap, friluftsliv, fisk og fiske

For landskap, friluftsliv og fisk er alt. C er betre enn alt. A, fordi den nedre delen av elva og elveosen blir som før. Terskel og inntak i elva ved Høylo og minstevassføring 6 m/sek om sommaren frå inntaket vil gje omtrent like forhold under alt A og alt. C 1 mellom inntaket og Breimshallen. Alt. C2 med minstevassføring 4 m³/sek vil gje dårlegare forhold. For elvepadling er det liten skilnad mellom alt. A, C1 og C2.

Med tilvising til Sogn og Fjordane turlag sin høyringsuttale om elvepadlinga i Storelva, meiner fylkesrådmannen at elva har stor eller svært stor verdi som friluftsområde (jf. Direktoratet for naturforvalting [DN] sine kriterium for verdivurdering av friluftsområde. DN-handbøker 18-2001 og 25-2004). Elva vert relativt ofte brukt av nasjonale brukarar. Fylkesrådmannen meiner at det er trong for omfattande avbøtande tiltak dersom verdien som padleelv skal kunne oppretthaldast. Det vil ikkje vere nok å auke minstevassføringa berre 5 dagar i året, jf. fagutgreiinga om friluftsliv som følgjer saka.

Det er trengst ei vassføring på 20-25 m³/sek for at elvepadling skal vere mogeleg. I fag-utgreiinga om friluftsliv og reiseliv knytt til alt. A er det sagt m.a. dette (side 7 i samandraget):

.. Det har i tillegg vært diskutert hvorvidt det kan være aktuelt å øke minstevannføringen på dagtid til 20-25 m³/s en lørdag hver måned i perioden mai-september. Dette for å gi elvepadlerne muligheten til å bruke elva også etter en eventuell utbygging. Dette er et tiltak som vil kunne redusere utbyggingens konsekvenser for elvepadlerne en god del, ...

Fylkesmannen seier i sin uttale m.a. dette ang. storauren i Breimsvatnet:

Den lokale kunnskapen og den fiskefaglege kunnskapen tilseier at Storelva er ein sannsynleg del av det økologiske funksjonsområdet for storaurebestanden i Breimsvatnet. Elva har eigna gyteområde og gode næringstilhøve for fisk, men det er uavklart om storaure fanga i Storelva har vore på nærings- eller gytevandring eller begge deler. Dette tilseier at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkelig til å vurdere kva effekt utbygginga vil ha på bestanden, og føre-var-prinsippet må dermed leggjast til grunn.

Temaet sedimenttransport og sedimentering av breslam er så vidt kommentert i hydrologirapporten. For oss ser det ikkje ut til å vere tilstrekkeleg avklart at den sterkt reduserte vassføringa ikkje vil føre til auka sedimenteringa på den planlagt regulerede strekninga. I tillegg kjem det inn ei sideelv 0,6 km ovanfor inntaket som fører med seg mye masse i periodar med høg vassføring. Sedimentering av breslam og erodert masse kan tette holrom i elvebotnen og fylle opp kulpar og djupare parti av elva, og øydeleggje leveområde for fisk. Dette er eit velkjent problem i mange regulerede vassdrag. Om det vert bygd tersklar slik det er foreslege som avbøtande tiltak vil det heller forsterke problemet.

I fylkeskommunen sin regionale plan med tema knytt til vasskraftutbygging er Breimsvatnet markert som Storaurevatn. Under tema "Fisk og fiske" er det sett slik retningslinje: Gyte – og oppvekstområde for innlandsfisk skal ha 3. prioritet. Om arealinteresser med 3. prioritet er det sagt dette i planen:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikter i høve til aktuelle arealinteresser.

Vassforskrifta

I tilleggssøknaden er det lagt fram ny dokumentasjon og det skal hentast inn fleire opplysningar knytt til vasskvaliteten i elva. Fylkesrådmannen har særleg merka seg forslaget om å legge utsleppsvatnet frå reinseanlegget på Byrkjelo i rør ned til kraftverkstunnelen. Dette er eit godt tiltak med tanke på elva nedstrøms inntaket si evne til å ta i mot lokale utslepp frå landbruksareal.

I tråd med vassforskrifta skal ei elv ikkje ha dårlegare enn god tilstand i høve til ureining, uansett om vatnet er ført bort eller ikkje. Dersom det vert gitt løyve og vatnet vert dårlegare enn god tilstand på grunn av manglande fortynningseffekt, må utslepp frå landbruk, avløp eller liknande reduserast for å få god tilstand i elva. Jf. vilkåra i § 12 i vassforskrifta.

Fylkesmannen seier dette om vassforskrifta i sin uttale til alt. C:

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Storelva i tilstandsklasse moderat økologisk tilstand. Det er vidare konkludert med at tilstanden er dårleg (klasse 4) for både tot. N og tot. P, og moderat (klasse 3) på TKB (bakteriar). Storelva er dermed ei elv som krev tiltak for å forbetre tilstanden slik situasjonen er i dag. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert enda dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Konsekvensane for vasskvaliteten er førebels uavklarte for begge dei to alternativa. Dersom det vert tilført ureining på den planlagt utbygde strekninga, eller fortynningseffekten i vassdraget vert for låg til å kunne nå god tilstand (klasse 2), er vår førebelse vurdering er at

det ikkje kan settast i verk nye tiltak som forverrar tilhøva i Storelva.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen meiner at det nye alt. C er klart betre enn alt. A med omsyn til landskap/ kulturlandskap, fisk og friluftsliv. Viktige skilnader mellom A- og C-løysingane er at den nedre delen av elva og utløpet til Breimsvatnet vil bli som før og at tunnelmassane skal deponerast på land og ikkje i vatnet. Desse endringane er klart meir positive enn verdien av redusert kraftproduksjon frå 98 GWh og ned til 90 eller 87 GWh. Det er liten skilnad i utbyggingsprisen for dei omsøkte alternativa: Alt. A 1 med 98 GWh: 3,42 kr/kWh, alt. C 1 med 87,4 GWh: 3,44 kr/kWh og alt. C2 med 90 GWh: kr. 3,34 kr/kWh.

På utbyggingsstrekninga der hovuddelen av vassføringa skal gå i tunnel er konsekvensane relativt like for alternativ A og C1 (same minstevassføring). I sin uttale til utbyggingsalternativ A i 2011 peika Gloppen kommune m.a. på at elva sin funksjon som fiskeelv og resipient tilseier at det må utgreiast større minstevassføring enn ved det omsøkte alternativet (6 m³/sek om sommaren). Fylkesrådmannen sa seg samd i dette og peika i tillegg på dei landskapsmessige konsekvensane av redusert vassføring, jf.: Konsekvensutredning for Breim kraftverk, Landskap, side 20:

I tillegg til fysiske inngrep i forbindelse med inntaket vil tiltaket innebære en kraftig reduksjon i vannføringen i Storelva fra inntaket ved Høylo til utløpet i Breimsvatnet. Elvas variasjon med hensyn til intensitet vil i stor grad forsvinne. Endringene vil gjøre seg mest gjeldende i områder der elva i dag renner i stryk. Selve elveløpet vil få en minstevannføring sommerstid som vil være 10 – 15 % av dagens sommer middelvannføring, og tilsvarende mellom 5 og 10 % vinterstid. I perioder med flom og høy restvannføring i elven vil vannføringen være større.

For alt. C 1 vil dette gjelde tilsvarende for elvestrekninga mellom inntaket ved Høylo og utløpet nedanfor Breimshallen. Alt. C2 med mindre minstevassføring (4 m³/sek om sommaren) vil bety større negative konsekvensar.

Fylkesrådmannen meiner at å føre avløpsvatnet frå Byrkjelo reinseanlegg inn på kraftverkstunnelen under alt A eller C, er eit fornuftig tiltak som vil påvirke vasskvaliteten i elva positivt. Fylkesrådmannen har merka seg Fylkesmannen si vurdering av at vasskvaliteten i elva er uavklara for både alt. A og alt. C, og at det førebels ikkje kan settast i verk nye tiltak som forverrar tilhøva. Fylkesrådmannen har også merka seg Fylkesmannen si vurdering når det gjeld storauren i elva og Breimsvatnet. Fylkesrådmannen støttar desse vurderingane.

Fylkesrådmannen konkluderer med at ved utbygging i tråd med alt. C1 og særleg i tråd med C2 der minstevassføringa vert redusert til 4 m³/sek, vil fordelane ved tiltaket ikkje overstige ulempene for allmenne og private interesser. Ulempene er særleg knytt til redusert vassføring med negative konsekvensar for landskap/ kulturlandskap, vasskvalitet, fisk/fiske og friluftsliv. Tiltaket bør ut frå dette ikkje gjennomførast.

Om det likevel skulle bli gitt konsesjon, meiner fylkesrådmannen at minstevassføringa om sommaren må aukast til 5-persentilen, dvs. ca. 12 m³/sek. Av omsyn til friluftslivs- og landskapsverdiane bør det vurderast om differensiert minstevassføring gjennom døgeret (og vekedagane) kan vere aktuelt i sommarmånadane. Det vil gje spesielt stor nytte om minstevassføringa på dagtid i helgane om sommaren kan haldast på eit nivå (om lag 25 m³/s) som gjer elvepadling mogeleg. Det planlagde kanalanlegget mellom E 39 og elva ved Breimshallen må lukkast av omsyn til landskap og ferdsel. Utløpet i elva må flyttast nedover i elva slik at ein kan unngå å måtte grave/kanalisere i sjølve elveløpet. Storelva kan i periodar ha mykje føring av massar. Det bør vurderast om terskelbygging er eit eigna tiltak i ei slik elv. Ved plassering av tunnelmasse vest for Breimshallen må det takast omsyn til eventuelle kulturminne på staden og det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler og vegar. Støttemuren for deponiet må plasserast eit stykke frå elvekanten og utformast slik at den ikkje verkar skjemmande

for kulturlandskapet. Den opphavlege elvebredda må takast vare på og må framleis vere tilgjengeleg for aktivitet og opplevingar.

7. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen meiner at det ved utbygging i tråd med alt. C1 og særleg i tråd med C2 med enno mindre minstevassføring om sommaren, vil fordelane ved tiltaket ikkje overstige ulempene for allmenne og private interesser. Tiltaket bør difor ikkje bli gjennomført.

Fylkesrådmannen har særleg lagt vekt på slike negative og uavklara forhold ved tiltaket:

- Markert redusert vassføring i elva mellom inntak og utløp med konsekvensar for landskap/ kulturlandskap, friluftsliv inkl. elvepadling, fisk og fiske.
- Planlagt minstevassføring om sommaren (6 m³/sek for C1 og 4 m³/sek for C 2) er for lite.
- Vasskvaliteten i elva er uavklara for både alt. A og alt. C, og det bør førebels ikkje settast i verk nye tiltak som kan forverre tilhøva.
- Ein veit førebels ikkje nok om kva effekt utbygginga vil ha på storaurebestanden i Breimsvatnet. Føre-var-prinsippet bør då leggjast til grunn. Jf. også Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging.